

---

# BYGGJESKIKK I GRANVIN OG ULVIK.

Råd i planlegginga, for å fremja god lokal byggjeskikk.



Granvin herad



Ulvik herad

---

# Innhald.

<b>KAP. 1. Tiltak og omgjevnader</b>	side 3
Reguleringssplan	
Plassering av bustadfelt	
Førehandskonferanse	
Vurdering av tillpassing	
Tilbygg	
Taktekking	
Bygging i eksisterande gardsanlegg	
<b>KAP. 2. Landskapselement</b>	side 6
Fjernverknad	
<b>KAP. 3. Langs samferdsleårer</b>	side 7
Veganlegg	
Skogsvegbygging	
Turistveg Hardanger	
<b>KAP. 4. Langs vassdrag og strandsoner</b>	side 8
Generelt	
Bygg i strandsona	
<b>KAP. 5. Bygg i utmark</b>	side 9
Hyttefelt	
Bygging på stølar	
Utforming av nye hytter	
Uteareala	
Taktekking	
<b>KAP. 6. Ved kulturminne</b>	side 11
Overordna målsetting	
Kulturminne kva er det?	
Vern og verdi	
Nye bygningar	
<b>KAP. 7. Det offentlege rom</b>	side 13
Heimstadkjenste	
Materialar og fargar	
Skilt og reklame	

## Føreord.

Dette heftet er laga for å hjelpe sakshandsamarar i herada, og alle som skal byggja i Granvin og Ulvik. Målet er betre innsikt og forståing for god byggjeskikk, fordi dette krev planlegging og omtanke. Nokre grunnleggjande sider ved bygging vert omtala, og likeeins gode og dårlege døme.

Kvalitet i det einskilde byggverket oppnår ein ved at det vert planlagt og bygt med innsikt og respekt for staden sin eigenart. Ein oppnår då at det tilhører staden.

Vonleg kan dette heftet føra til debatt og ettertanke omkring det bygde og det som skal byggjast.



Heftet er eit resultat etter eit samarbeidsprosjekt mellom Granvin og Ulvik, og er meint å gje eit felles utgangspunkt og ei felles forståing i arbeidet for å fremja god byggjeskikk i herada.

Under handsaminga i heradsstyret i Ulvik i sak 029/01 den 21.06.01, vart retningslinjer for byggjeskikk vedtekne slik dei er referert i dette heftet. Heradsstyret i Granvin vedtok i sak 046/01 den 13.12.01, at alle *skal* i retningslinjene vert erstatta med *bør*. For at heftet skulle få ei eintydig utforming har prosjektgruppa valt her å referera retningslinjene som vart vedtekne i Ulvik heradsstyre.

## KAP 1. Tiltak og omgjevnader.

Retningslinjene pkt. 1 seier:

Alle plansaker skal innehalda ei utgreiing med vurdering av estetiske sider.

Estetiske vurderingar av tiltak skal gjerast i høve til seg sjølv, nærmeste omgjevnad og fjernverknaden. Val av materialar skal vera ein del av vurderinga.

Stadanalyse bør utarbeidast for å klargjera viktige kvalitetar på den aktuelle staden. Der det vert utarbeidd stadanalyse, skal konklusjonane vera førande for tiltak i det aktuelle området.

Ved byggjesaker skal vurdering og dokumentasjon av dei estetiske sidene ved tiltaket vera ein del av søknaden.

### Reguleringsplan.

Reguleringsplanar og føresegner må på eit detaljert nivå setja grenser for utbygginga og ivareta tekniske sider og krav til utsjånad.

Reguleringsplanar bør ta omsyn til lokal byggeskikk når det gjeld byggeområdet si plassering i landskapet. Dette gjeld også husa si plassering i landskapet, i høve kvarandre og utforminga av kvart hus.

Visste du at du kan oppnå eit auka lånetilskot hjå Husbanken ved god byggjeskikk ?

### Plassering av bustadfelt.

Plassering av byggjefelta våre ber preg av at distriktet har mangel på areal til byggjeføremål. Me utnyttar difor dalsidene og liene til dette føremålet, og unngår dermed i stor grad å nyitta dyrkbar jord til byggjeføremål.

Ein fare med dette byggjemønsteret er at me kan øydelegga noko av karakteren i landskapet. Nye byggjefelt må regulerast med større omsyn til lokale naturformer som haugar, bekker, treklynger, og kulturspor som vegar, steingardar, gamle hus, osv.



Byggjefeltet i lia skårar flate område som er gode jordbruksareal.

Regulering av feltet tek lite omsyn til naturformene, og husa viser liten samanheng i form, materialar og fargar.


## Førehandskonferanse.

I førekant av kvart byggetiltak bør det haldast eit møte mellom tiltakshavar (byggherre) og heradet. Dette bør haldast tidleg i planleggingsfasen, før det vert sendt inn byggjesøknad. Ein kan her avklara råmer for planlegging og utføring av byggjesaka. Dette vil gjera heile handsaminga enklare.



## Tilbygg.

Eldre hus kan ha kulturhistoriske og arkitektoniske kvalitetar som det er verdt å ta vare på, og som det må takast omsyn til. Ofte vert eit tilbygg planlagt av huseigaren sjølv, og då med fokus på det indre arealbehovet. Utsjânaden vert tillagdt for lita vekt. Eit godt råd er å sokja hjelpe hjå ein arkitekt, som kan hjelpe til med utforminga av tilbygget. Ta utgangspunkt i form, volum og detaljar på eksisterande bygning slik at tilbygget får ei form som høver til det opphavlege huset.



## Vurdering av tilpassing.

Norges byggforskningsinstitutt har laga eit hjelpemiddel for vurdering av korleis hus vil tilpassa seg omgjevnaden. Dette er byggjesikksirkelen, og du kan få denne og rettleiing i bruken på teknisk kontor.



Byggjesikksirkelen frå byggforsk.  
Bruk han!



Ulike skifertak på Nestås.

## Taktekking.

Eit fint tak gjev eit godt inntrykk. Ved val av tekking spelar huset sin karakter og form ei viktig rolle. Sjå til at materialar og fargar passar saman med nabobygg, og prøv å halda den same stilten. Hugs på at naboen ser huset ditt oftare enn du gjer sjølv.

Taket er ein dyr del av huset, men med langsiktig tankegang kan ein ved å nytta papp i byrjinga, etter nokre år få ei meir varig tekking med til dømes skifer.

## **Bygging i eksisterande gardsanlegg.**

Gardsbusetnaden med våningshus og driftsbygningar ligg tradisjonelt samla i klyngje- eller rekjetun. Bygningane er rektangulære, enkle med langsgåande tak. Våningshusa har gjerne halvanna høgd og kjellar. Oftast ligg dei med langsida mot dalen eller sjøen. Mindre hus kan liggja med gavlen fram.

I vår tid er mange nybygg på gardane blitt plasserte lausrivne frå dei gamle husa, slik at den tradisjonelle og faste tunforma vert borte.

Nybygg og tilbygg i eksisterande gardsanlegg bør plasserast slik at husgruppa eller tunet held på den faste samlande forma. Få råd frå fagfolk og finn fram til hustypar som når det gjeld både hovudform og detaljar passar saman med dei eldre bygningane.

Nye driftsbygningar med nye driftsformer er særleg vanskelege å tilpassa, men med god planlegging er det oftast mogleg å knyta nye bygg til dei gamle på ein måte som ikkje bryt heilskapen.

Eit godt hjelpemiddel er å utarbeida ein tunplan. Nye bygningar bør forsterka og så langt det let seg gjera vera ein del av det eksisterande tunet.

Nokre råd:

- Legg mønet i huset sin lengderetning og legg lengderetninga langs terrenget.
- Breide gavlar verkar dominerande i landskapet, særleg når dei ligg mot dalen.
- Gjer breidda på gavlen mindre enn langsida.
- Nytt materialar som er tilpassa nabobygningane i form og fargar.

Heftet "God byggeskikk på tunet" tek for seg ulike problemstillingar når det gjeld bygging i eit gardstun. Dette er ein rapport som prosjektet "Nye næringar under gamle tak" Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga, har gjeve ut.



Eit nytt hus på ein gard må knyta seg til tunet og heilskapen.



Kulturlandskap på Moo.

## KAP 2. Landskapselement.


Retningslinjene pkt. 2 seier:

Det skal leggjast avgjerande vekt på å verna åsprofilar, landskapssilhuettar, kulturlandskap og andre landskapselement.

Når byggverk vil få ein fjernverknad eller vert plassert som landemerke, skal det utarbeidast ein særskilt estetisk analyse. Viktige siktlinjer bør oppretthaldast.

### Fjernverknad.

I vestlandsnaturen vil dei aller fleste bygg bli sett frå avstand, som ein del av eit landskap. Ved planlegging av bygg, byggjefelt og vegar må vi difor leggja vekt på samspelet med naturformer og kulturlandskap. Enkelte bygg som t.d. ei kyrkje kan nok vera framheva i landskapet, men meir vanleg bygging bør plasserast slik at naturformene vert framheva og ikkje viska ut. Byggjefelt med jamn avstand mellom husa, som ikkje tek omsyn til lokal topografi, vil verka utflytande og karakterlause, og bryta med og forflata landskapet sin karakter. Ved planlegging av byggjefelt og andre tiltak som grip inn i naturen, bør ein landskapsarkitekt vera med i planlegginga.



Ny utbygging bør underordna seg og tydelegjera landskapsforma.



Åsprofilar og landskapsilhuettar må bevara sitt naturlege preg. Forma mot himmelen bør i hovudsak vera tre/vegetasjon. Nye byggverk må i hovudregel ikkje punktera eller forstyrra dei naturlege landskapsformene for mykje.

Det må stillast særskilde kvalitetskrav til utforming og tilpassing, der bygg får ein markert fjernverknad.

Føringar i landskapet som landemerke, jordbruksareal, vegetasjon, vatn, bekker og busetnad, må vurderast i samspel med kvarandre. Dei store linjene og trekka i landskapet vert då bevarte – fjernverknad.

## KAP 3. Langs samferdsleårer.

Retningslinjene pkt. 3 seier:

Ved planlegging og bygging av veg, bane eller andre samferdsletiltak med tilhøyrande anlegg, skal det stillast krav til estetikk. Løysingane skal illustrerast/utgreiast.

### Veganlegg.

Plan- og bygningslova m/forskrifter gjev normalt ikkje høve til å krevja byggjemelding for veganlegg. Den estetiske sida ved slike anlegg må difor vera klarlagd på førehand gjennom ein reguleringsplan eller utbyggingsplan. Byggverk som knyter seg til samferdsletiltak vil ofte vera viktige element i tettstaden eller langs vegen. Dette kan vera kioskar og leskur. Det må stillast krav til at utforming av vegar og tilhøyrande anlegg viser forståing for og samspel med landskapet.



Vegen underordnar seg landskapet.

### Skogsvegbygging.

Miljøvernavdelinga og landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen og kulturavdelinga hjå Fylkeskommunen har gjeve ut ei brosjyre som gjev rettleiing om skogsvegbygging. Ho fortel kva lover og forskrifter ein må ta omsyn til, omsyn til miljø- og kulturminne m.m. Heftet gjev eit godt utgangspunkt for planlegginga.

### Turistveg Hardanger.

Vegen frå Bruravik over Ulvikahøgda til sentrum i Granvin og vidare utover fjorden langs Riksveg 7 har fått offisiell status frå Statens Vegvesen som turistveg. Prosjektrapporten peikar på byggjeskikk som viktig for opplevelingar langs vegen.



Nye bygg og anlegg langs turistveg Hardanger kan vera føredøme på god utforming for andre vegstrekker.

Bileta er frå Steinstøberget.

Arkitekt: Siv. ark Tordis Hoem.

## KAP 4. Langs vassdrag og strandsoner.

Retningslinjene pkt. 4 seier:

Ved bygging i 100 m-beltet langs vassdrag skal det leggjast avgjerande vekt på å bevare eksisterande terren, vegetasjon og tekniske anlegg. Løysingane skal illustrerast/utgreiast.

### Generelt.

Plan- og bygningslova § 17-2 set forbod mot utbygging innafor 100- meterbeltet langs vassdrag. Bygging innafor denne sona er difor i utgangspunktet vanskeleg, dersom bygginga ikkje er planavklart. Dei nasjonale reglane for arealbruken i strandsona er vorte vesentleg skjerpa dei seinaste åra. Det er peika på negative konsekvensar for friluftsliv, og landskapet sin utsjånad. Det har vore ein utbreidd dispensasjonspraksis innafor dette beltet i heile Noreg, og fleire kommunar står i fare for å mista retten til å bestemma i desse områda.



Naustmiljø på Hetlenes.

Eksisterande strandsoner er mange stader øydelagde av vegar som ligg langs fjordane, men her er små stader innimellom som ein bør ta vare på. Døme på dette kan vera naustmiljø med eldre bygningskultur. Den gamle bygningsstrukturen er vel verd å ta vare på m.a. som ei direkte forteljing om historia.



Kai og naustmiljø i Folkedal.

### Bygg i strandsona.

Ulvik og Granvin har fleire områder der det er etablerte bygningsmiljø som me ynskjer å bevare, halda vedlike og utvikla. Det må difor leggjast stor vekt på å bevare og byggja vidare på dei eksisterande anlegga, framfor å etablera nye.

Dersom det skal etablerast nye område, eller eit eksisterande område skal byggjast ut vidare, er dette noko som bør avklarast i ein planprosess. Målet må vera å unngå ei tilfeldig utnytting, og få eit byggjemønster som er samlande og tek omsyn til historia.



Bygningsmiljø på Øvre Vassenden.

## KAP 5. Bygg i utmark.


Retningslinjene pkt. 5 seier:

I hyttefelt skal estetiske krav til arkitektur, fargeval og terrengrunning av bygningar og vegar innarbeidast i reguleringsføresegner. Ved bygging av stølsbygningar og hytter i LNF-område skal det leggjast vekt på estetiske krav til arkitektur, fargeval og terrengrunning.

Estetiske krav må ha sterke føringar mot miljø- og landskapsvern.


### Hyttefelt.

Ved etablering av hyttefelt er ein detaljert plan viktig. Store tettbygde hyttefelt er lite ynskjelege. Sjå heller på plassering av tungrupper eller spreidd utbygging. Her er det terrenget og plasseringa som må avgjera valet. I ope terren med lite vegetasjon kan tungrupper vera den beste løysinga. Spreidd utbygging høver best i småkupert terren med større vegetasjon.




### Bygging på stolar.


Utnyttinga av stolar har auka dei siste åra, fordi stølane ofte ligg på fine stader, og fordi stølane som bygningsmiljø gjev gode opplevingar. Dersom ein ikkje skal øydeleggje miljømessige og kulturhistoriske verdiar som er knytte til staden, bør ein vera varsam med bygnings- og terengmessige inngrep i slike stølsmiljø. Dette gjeld og byggetiltak for å betra standarden i dei gamle husa.





Hyttene må plasserast inn i terrenget for å unngå plassering på framskotne parti og knausar. Hyttene må ikkje dominera landskapet.



Vel ein bygning som passar til tomta!



Er terrenget småkupert, kan bygningen delast opp i mindre einingar.



### Uteareala.

Hytter bør liggja naturleg i terrenget med omtanke for vegetasjon og markdekke, utan bruk av store og dominerande terrassar. Lag ikkje uteplassen større enn naudsynt. Legg heller vekt på god plassering som gjev godt med sol og livd for ver og vind. Ved å knyta uteplassen til terrenget får ein mest glede av naturen.

### Taktekking.

Dei fleste hyttene i dag vert bygde i ei høgd. Det fører til at taket vert godt synleg. Ved val av taktekke må ein ta omsyn til dette. Dersom hytta er plassert i nærleiken av eksisterande bygningar, til dømes eldre stølsmiljø, bør ein nytta tilsvarende type tekke. I hovudsak bør dette vera skifer eller torv.

### Utforming av nye hytter.


Ein bør la naturen sjølv inspirera til å brukha enkle, kraftige former. For stor breidd på bygningskroppen gjer det vanskeleg å finna ei god plassering i terrenget. Den tradisjonelle saltakforma med meir enn 25 grader takvinkel er eit godt føredøme. Mønet bør leggjast på langs av bygningen. Når mønet vert lagt på tvers, får me ein brei og dominerande gavl. Unngå karnapp og oppbygg på taket, fordi dette krev ekstra vedlikehald og er eit framandelement i utmarka. Vil du bruka sprossevindauga, vel gjennomgåande sprosser, ikkje falske utanpåliggjande. Den tradisjonelle bygningskulturen som dei fleste av oss likar, opplever me som vakker og ekte på grunn av det enkle og funksjonelle, og fordi han er prega av gode materialar og godt handverk.



Nye fritidshus bør utformast individuelt og tilpassast terrenget. Ein bør unngå ein veranda som vist på skissa.



Terrenget kan brukast til uteareal når det er utforma med omtanke.



Eldre stølsbygningar kan vera føredøme for nye bygg når det gjeld hovudform og måten dei er lagde på i terrenget.

God byggjeskikk i utmark er å vidareutvikla dei gamle byggjetradisjonane med deira nøkterne og gjennomprøvde løysingar. Fjellområda lyst sjåast som eit fellesgode med stor rekreasjonsverdi for ålmenta. Det bør difor vera krav om at all byggjeverksemd (nybygging, ombygging og vedlikehald/reparasjonar) vert underlagd relativt strenge krav.

## KAP 6. Ved kulturminne.

Retningslinjene pkt. 6 seier:

Ved byggje- eller anleggstiltak nær kulturminne skal det leggjast særleg vekt på vurdering av heilskap. Ved kulturhistoriske bygningsmiljø skal det nye tiltaket ha utforming som er tilpassa den kulturhistoriske heilskapen. Innanfor tradisjonelle tunskipnader eller stølsgrender skal det utvisast særleg aktsemd.

### Kulturminne kva er det?

Kulturminne er alle spor etter menneskeleg aktivitet, og kan vera alle slags bygningar og anlegg både ståande og restar. Det er difor eit mål å sikra eit utval av bygningstypar som representerer alle offentlege aktivitetar, næringar, grupper av folk og sosiale lag. I dei siste åra er det frå sentralt hald satsa på vern av arbeidarkultur, kystkultur, kulturminna til industrien og bygningar frå vår eiga tid.

Granvin og Ulvik har fleire kulturminne frå eldre og nyare tid. Desse er med på å setja preg på herada som positive miljøfaktorar. Ein kan spesielt nemna:

- Granvin Kai og bygningsmiljøet på og kring Eide.
- Gardstuna som td. klyngetuna på Ystås, Medås, Kvåle, og rekkjetuna på Kjerland, Øydve, Vambheim
- Naustmiljøa td. i Folkedal, Nesheim, Vambheim og i Øydvinstå



Granvin kai mot Eide.



Del av klyngetun på Ystås.

### Overordna målsetting.

Regjeringa har gjeve følgjande strategiske mål for forvaltning av kulturminne:

”Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer skal forvaltes og ivaretas som bruksressurser og som grunnlag for opplevelse og videreutvikling av fysiske omgivelser. Et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på i et langsigkt perspektiv som kunnskapsressurser og som grunnlag for opplevelse.”



Gangbru over Hyrpo.



Naustmiljø på Vambheim.

Frå prosjektet ”Ulvik – eit bygdelandskap i Hardanger” er det eit oversyn over kulturlandskap og kulturminne i Ulvik.

## Vern og verdi.

Me tek vare på eldre bygg og andre kulturminne fordi desse har verdi for dei fleste av oss. Det er god byggjeskikk å ta vare på desse verdiane.

Høg alder gjev eit bygg **aldersverdi** og direkte nærbondskap med historia gjennom slitasje og preg. Ein nøyaktig kopi kan aldri få same verdien.

Eit bygg kan og ha **historisk verdi** ved at det fortel om liv og levemåtar i eldre tider.

Eit bygg kan ha **arkitektonisk verdi** og visa samanhengen med lokal byggjeskikk og importert europeisk arkitektur. Dei lokale kyrkjene, bedehusa, og ungdomshusa har ein **symbolverdi**, medan barndomsheimen, skulen og ungdomshuset har ekstra **kjenslemessig verdi**.

Når eit eldre hus eller tun har nokre av desse verdiane og i tillegg har ein **bruksverdi** og **økonomisk verdi**, seier me ofta at huset er **verneverdig**.

Verneverdige hus og anlegg er kulturminne som må takast vare på slik at **kulturhistorisk verdi** ikkje går tapt.

Fylkeskonservatoren arbeider m.a. med registrering og vern av kulturminne, og har gjeve ut mykje litteratur som omhandlar vedlikehald og restaurering av eldre bygningar.

Hardanger Folkemuseum på Utne sit og inne med mykje kompetanse når det gjeld vern av kulturminne. Dersom du ynskjer det, kan dei hjelpe deg med gode råd.



Gamle stasjonsbygningen på Nesheim er rehabilert og bygd om. Den inneheld no bustad i 2 høgda og atelier i 1. høgd.

## Nye bygningar.

Når det skal førast opp ein bygning nær eit eldre bygningsmiljø, er det viktig å ha omtanke for verdifulle trekk som ein kan bruka. Ta utgangspunkt i byggjemåten på staden med omsyn til volum, plassering i terrenget og tilpassing til den lokale byggjeskikken. Nye bygningar skal ikkje vera kopiar, men la dei stå fram med sjølvstendig preg og med eigne detaljar.



Rehabilitert bustadhus på Tveito.



Bustadhus på Oppheim under rehabilitering.

## KAP 7. Det offentlege rom.

Retningslinjene pkt. 7 seier:

I sentra, ved større byggjetiltak, ved butikkar, reiselivsanlegg og langs samferdsleårer skal byggje- og anleggstiltak vurderast og utgreia med tanke på estetikk. Det skal leggjast avgjerande vekt på materialval og fargeval. All skilt og reklame skal vurderast.

### Heimstadkjensle.

God byggjeskikk betyr mykje for trivsel, heimstadkjensle og bygdestoltheit, og har betydning for om folk blir eller flyttar hit som nyinnflyttarar. Eit triveleg bygningsmiljø med vakre bygningar er noko å vise fram. Turistar vert tiltrekte av bygningsmiljø, særleg der bygningane utgjer ein tiltalande heilskap saman med landskapet.


### Materialar og fargar.

Legg vekt på at materialar og fargar har eit einsarta preg og gjev eit heilskapleg inntrykk. Det må vera løysingar som er gjennomarbeidde. Materialar, fargar og detaljar må passa inn i bygningsmiljøet der dei vert brukte.

### Skilt og reklame.

Skilt med varsam effektbruk kan vera vel så gode i ei marknadsføring som skilt med ”høgt støy nivå”. Føresetnaden er at den samla skiltbruken i eit miljø er dempa og at skilta spelar på lag med naturen og arkitekturen. Det er det totale biletet av natur, byggjeskikk og skiltbruk som avgjer om turistane eller andre vert nyfikne på ei verksemeld eller bedrift – eller vert fråstøytte.

Målet er å få tettstadane til å fungera på ein god måte, både funksjonelt og visuelt. Dei gode sidene må forsterkast og gje kvalitetar og inspirasjon å byggja vidare på – dei mindre gode kan ein reparera gjennom dei nye tiltaka. Felles gaterom, einskildbygg, kvar fasade og takflata spelar ei rolle i ein heilskap.




Me ynskjer at det skal vera kvalitet i dei bygde omgjevnader. Skilta må difor innordna seg, og ikkje bryta ned bygningen sin arkitektoniske kvalitet.



Skilting utanfor tettbygd område vert omfatta av naturvernlova.

I tiltaksrapport for Brakanes er det utarbeidd skiltvedtekter. Desse kan vera føredøme, og bør leggjast til grunn ved planlegging og vurdering av skilt og reklameinnretningar.



Skissa er henta frå tiltaksrapport for Brakanes.

# § Lovverket

Plan- og bygningslova der omsynet til byggeskikk, estetikk og kulturminnevern er nemnd.

## § 2. Formål

Planlegging etter loven skal legge til rette for samordning av statlig, fylkeskommunal og kommunal virksomhet og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser, utbygging, samt å sikre estetiske hensyn. Gjennom planlegging og ved særskilte krav til det enkelte byggetiltak skal loven legge til rette for at arealbruk og bebyggelse blir til størst mulig gavn for den enkelte og samfunnet.

## § 20-1. Kommunalplanlegging

Kommunene skal utføre en løpende kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling innenfor sine områder.

## § 74.2 Planløsning og utseende

Kommunen skal se til at ethvert arbeid som omfattes av loven, blir planlagt og utført slik at det etter kommunens skjønn tilfredsstiller rimelige skjønnhetshensyn både i seg selv og i forhold til omgivelsene. Tiltak etter denne lov skal ha en god estetisk utforming i samsvar med tiltakets funksjon og med respekt for naturgitte og bygde omgivelser. Skjemmende farger er ikke tillatt og kan kreves endret.

Kommunen kan utarbeide retningslinjer for estetisk utforming av tiltak etter loven.

## § 92. Andre bestemmelser

Ved endring av bestående byggverk og ved oppussing av fasade gjelder § 74 nr. 2 tilsvarende. Kommunen skal se til at historisk, arkitektonisk eller annen kulturell verdi som knytter seg til et byggverks ytre, så vidt mulig blir bevart.

## § 107. Skilt og reklame

Skilt, reklameinnretninger o.l. skal godkjennes av kommunen før de settes opp. Ved avgjørelse av om godkjenning skal gis, tas hensyn til bl.a. om skilt eller reklameinnretning o.l. vil virke skjemmende eller sjenerende i seg selv, i forhold til omgivelsene eller for trafikken.

## Litteraturliste:

- Om endringar i estetikkbestemmelsene i plan- og bygningsloven. Kommunal- og Administrasjonsdept. 22 mars 1997. KAD-/MD- rundskriv H-7/97 jnr.97/2023 B AME
- Estetikk i plan- og byggesaker. Kommunal- og Administrasjonsdept og Miljøverndepartement, april 1997. T-1179, ISBN 82-457-0145-9
- Mitt hus er din utsikt, god byggeskikk for hus og land – Hva, Hvorfor og Hvordan. Statens Byggeskikkutval 1998, ISBN: 82-994757-0-8
- Jens Bjørneboe – Småhusområder. Bedre bebyggelsesplaner og fortetting med kvalitet. Håndbok 49 – 2000. ISBN 82-536-0689-3.
- Norges byggforskningsinstitutt. Planserien
- Byggeskikkrettleiar for Bykle kommune
- Veiledning til Estetiske retningslinjer for Bærum kommune
- Råd om planlegging og bygging, Byggeskikk og estetikk for kommunane Norddal, Stordal og Stranda.

Prosjektgruppa er samansett av:

Bjarte Ness - Ulvik herad  
Paul Amundsen - Ulvik herad  
Hilde Gunn Stenseth - Granvin herad  
Asbjørn Helleve - Granvin herad

Prosjektleiar:

Torstein Ljone - Granvin herad, Ulvik herad

Siv. ark. Knut Myklebust har medverka med råd og rettleiing underveis.